



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 27.03.2017
Stad: Scandic Stavanger Forus Hotel
Klokka 16:30 – 18:30

Møtte: Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Marthe Hammer
Morten Midlang, John Opdal, Sigbjørn Hauge.
Varamedlemmer: Edmund H Utne, Solfrid Borge

Forfall: Arnstein Menes, Arne Bergsvåg

Sekretariatet: Trude Rinaldo, Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 10/17 Meldingar

Det var ingen meldingar framlagt.

Sak 11/17 Årsmøtet – Praktisk gjennomgang

Styret drøfta praktisk gjennomføring av årsmøtet.

Sak 12/17 Årskonferansen – Orientering/siste førebuing

Hanne orienterte om status i førebuingane for årskonferansen.

**Sak 13/17 Framhald av avtale med konsulent/profileringsmedarbeidar
Hanne Sundbø.**

Vedtak:

Styret vedtek å forlengja avtalen med konsulent Hanne Sundbø for nye 2 år frå 01.10.2017 og fram til 30.09.2019. Styret i Hardangerrådet iks gjer formelt vedtak om tilsetjingsavtalen for Hanne Sundbø.

Sak 14/17 NTP 2018 - 2029.

Strategi for vidare arbeid med påverknad/uttalar etter at meldinga er lagt fram. - Drøfting

Vedtak:

Administrasjonen gjer framstøyt mot Samferdselsdep. Med mål om å få plass på høyringsmøtet på Stortinget.

Sak 15/17 Fast Post: Gjennomgang av status for RV 13

Rogaland:

Regjeringa snur og går for lang Årdalstunnel.

Dersom det vert krav om KVVU bør denne gjelda strekkinga Solbakk – Erfjord.

Trafikkplan Ryfylke er ei utfordring !!

Hordaland:

Deildo opnar 3. april etter 5 vekers stenging.

Det er stort utbetningsbehov på strekkja Kløvet – Bu.

Det er lova lysregulering sommaren 2017 på strekkja Kyrjenes – Berget.
Ullensvang herad ber om kontinuerleg trafikk forbi Deildo i «turistperioden»

Sogn og Fjordane:
Vikafjellet har aukande trafikk. Over 500 ÅDT i 2016.

Jostein Eitrheim
sekretær